



Fylkesmannen i Hordaland
P.b 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/155 - 16/2891

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

15.02.2016

Søknad om bygging av velteplass/snuhammar for tømmerbil på Gbnr. 18/9 og 10 Øvre Sagstad i Meland kommune

Meland kommune har motteke søknad frå Per Atle Sæle om å få byggja ein velteplass og snuhammar for tømmerbil på Gbnr. 18/9 og 10 på Øvre Sagstad. Det vert søkt om å få byggja ein snuhammer med velteplass i samband med planlagt uttak av skog langs Fv. 564. Snuhammaren er planlagt for å kunne laste og snu vogntog på 22 meter. Det er til saman to interessentar i tiltaket, men ein velteplass med snuhammar vil kunne nyttast av fleire naboeigedommar.

Bygging av snuhammaren med velteplass vil vere eit svært viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området. Området ligg i mellom jordbruksareal og fylkesvegen, og grunn jordbruksareal, bustader m.m. er det få gode alternativ for å kunne få skogen ut på ein kostnadseffektiv og god måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket er bygging av velteplasser som tar fulle vogntoglengder eit viktig tiltak for å redusera driftsutgifter. På dei to aktuelle teigane er det anslått eit volum på 2-3000 m³ med hogstmoden gran. Velteplassen vil kunne bli nytta av andre naboeigedommar når dei skal avverkast. Det er nokre vindfall i skogen etter orkanen Nina, og det er no trong for at skogen takast ut. For å kunne lasta tømmer sikkert ved Fv, 564 er det viktig at ein kan leggja velteplass og snuhammar utanfor vegen. Søkjar har innhenta løyve til tiltaket frå Statens vegvesen. Arealet som er planlagt hogd er i kommuneplanen lagt ut som næringsareal. Det kommunen si foreløpige vurdering at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sitt arealformål.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3 , vedtak og villkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka vert handsama. Saka vert sendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i skar om nybygging av skogsbilvegar.

Tiltak. Bygging av velteplass med snuhammar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gbnr: 18/9 og 10
Kommune: 1256 Meland
Frist for uttale: 07.03.2016

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad med kart

Kopi til:

Per Atle Sæle

Sagstadvegen 165 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune v/
kultur- og idrettsavdelinga
Meland kommune v/
kulturavdelinga

P.b 7310 5020
Postboks 7900 5020
Postboks 79 5906

BERGEN
BERGEN
FREKHAUG